



Statens vegvesen

Referat

Dato: 25.08.2023

Tid: 1000 –1115

Referent: Nils Inge Romarheim

Saksbehandler: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh. 906 59 309

Vår dato: 18.09.2023

Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Møtenr:	5–2023
Stad:	Teams
Møteleiar:	Tore Johan Øvstebø
Til stades:	<p><u>Styringsgruppe:</u> Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Eva Vinje Aurdal, Kristin Sørheim, Anders Riise, Ove Nesje, Kjetil Strand.</p> <p><u>Sekretariatet:</u> Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Øyvind Gangstad, Nils Inge Romarheim.</p> <p><u>Andre:</u> Marius Maske, Ole Kristian Birkeland, Ole Jan Tønnesen, Bjørn Sunde, Cathrine Helle–Tautra, Kjetil Sporse, Marit Krekvik, Ellen Kristin Aasen, Miroslav Vasilev, Tobias Hay Slinning.</p>
Forfall:	
Kopi til:	Vebjørn Krogsæter, Carl Johansen, Arild Fuglseth.

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<p><u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa</u></p> <p>Tore Johan Øvstebø innleia møtet.</p>	
2	<p><u>Oppstartsvedtak Fv. 60 Blindheim–Flisnes</u></p> <p>Torbjørn Vatnehol presenterte saka. Byggetida er på litt over to år. For å ta omsyn til trafikantane og dei som bur der blir bygginga gjennomført i fasar. Ein er med anslaget som ligg til grunn for oppstartsvedtaket, innanfor styringsramma for prosjektet slik ho ligg inne i gjeldande handlingsprogram. Ein tenkjer å lyse ut i løpet av september, med oppstart av anleggsarbeid i januar 2024.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Usikkerhetsavsetning i anslaget er på 16 prosent. Det er ikkje mange kutt som er anbefalt å gjere, men det er mogleg å gjere kutt om det skulle vise seg å bli nødvendig.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek at prosjekt-ID 8 «Fv. 60 Blindheim – Flisnes med lokalveger» kan starte opp i 2023. Prosjekteigar og byggherre er Møre og Romsdal fylkeskommune, og styringsramma for prosjektet er 397,4 mill. 2023-kr.</p>	
3	<p><u>Oppstartsvedtak Sykkelfelt frå Åse til Moa</u></p> <p>Ole Kristian Birkeland la fram saka. Prosjektet er ikkje prioritert som eige prosjekt i bypakka, men er ein moglegheit som har oppstått som følgje av at Tafjord Kraftvarme arbeider med oppgraving av delar av strekninga. Då ynskjer ein å reetablere deler av arealet som sykkelfelt, og ein oppgraderer busslommer og belysningsanlegget.</p> <p>Vegen skal i framtida omklassifiserast til fylkesveg, så 12 mill. kroner av kostnadene kan takast frå avsette omklassifiseringsmidlar på E136 Breivika-Lerstad. Det resterande må finansierast over sekkeposten.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtar at prosjekt sykkelfelt Åse til Moa, kan starte opp i 2023. Prosjekteier og byggherre er Statens vegvesen, og styringsrammen for prosjektet er på 24 mill. 2023-kroner. Finansiering deles mellom E136 Breivika-Lerstad - 12 mill. kr. som omklassifiseringstiltak og sekkeposten (sykkel, kollektiv og TS) på 12 mill.kr.</p>	
4	<p><u>Orientering Utviksbygda</u></p> <p>Nils Inge Romarheim orienterte. Etter at ein sette i verk bompengereising i bypakka, auka trafikken på fylkesvegen om Utviksbygda kraftig. Ein såg likevel at trafikken gjekk ned igjen utover hausten og vinteren. Styringsgruppa ynskte å sjå på utviklinga over tid, før ein eventuelt vurderte tiltak. No har ein trafikketal for eit år med innkreving. For mai og juni, så auka trafikken med 7 % frå året før. Tilsvarende auke for juli og august var på 15 % frå året før.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Fylkeskommunen og Statens vegvesen har vurdert fartsgrensa på vegen, og har kome fram til at ein ikkje har anledning til å setje ned fartsgrensa til 50-sone og at 60-sone ikkje er føremålstenleg. Ein vil i staden varsle ved å skilte møteplassar og farlege svingar.</p> <p>Proposisjonen for bypakka angir at ved ein auke av trafikken på sidevegnettet som følgje av bomstasjonar, så bør det gjennomførast tiltak. Dersom tiltaket med skilting ikkje får effekt, kan ein vurdere ei løysing med ekstra bomstasjon. Dette er ein tidkrevande prosess med utarbeiding av ei trafikkanalyse og eit grunnlag som må leggjast fram for Stortinget gjennom ein proposisjon. Ein moglegheit er samkøyring med ei eventuell innføring av miljødifferensierte takstar.</p> <p>Saka tas til orientering.</p>	
5	<p><u>Eventuelt</u></p> <p>Det vert ei rullering i styringsgruppa etter valet. For kommunen skjer dette skiftet ved årsskiftet, mens det for fylkeskommunen skjer på fylkestinget i desember.</p>	